

**Fra:** Gerhard Inge Storebø (gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no)

**Sendt:** 26.04.2018 10:20:44

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Oddlaug Hansen

**Emne:** 2017/14135 - Høyring Temaplan for landbruk i Hordaland

**Vedlegg:**

Sund kommune v/Landbruksnemnda handsama sak om framlegg til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022» på møte 25.04.18.

Landbruksnemnda gav samrøystes fylgjande uttale til planen:

*Sund kommune er positiv til at fylkeskommunen har laga ein temaplan for landbruk som viser kva utfordringar og kva utviklingspotensiale landbruksnæringa i Hordaland har.*

*Sund kommune kunne gjerne sett at tiltak innanfor dei ulike innsatsområda kunne vore meir konkretiserte, men vonar at samspelet med andre aktørar – også kommunane – gjer at ein lukkast med målretta arbeid.*

*Spesielt vil Sund kommune peika på den utfordringa knytt til lønsemd som sauebruka no står oppe i. Det er ynskjeleg at Hordaland Fylkeskommune vurderer direkte innsats for å medverka til auka forbruk av lamme- og sauekjøt.*

*I høve til rekruttering meiner Sund kommune at talet på landbruksverksemder i drift er ein viktig indikator – og vil be om at utviklinga her vert vurdert på line med andre indikatorar.*

*Når det gjeld oppfølging av planen, vonar Sund kommune at fylkeskommunen vil rapporta på dei indikatorane som vert vedtekne. Slike rapportar med vurdering av utviklinga må formidlast til kommunane. Rapportane vil kunna vera ein del av grunnlaget for prioritettingsdrøftingane opp mot kommunale landbruksplanar.*

Med venleg helsing

Gerhard Inge Storebø  
sekretær